



Nydelege, nære noveller

 Karine Nyborg - Ikke rart det kommer kråker (Aschehoug)

BJARNE TVEITEN

Tekststørrelse
[Skriv ut](#)

SISTE KULTUR

10:50 [Vår kollektive skyld](#)

10:48 [Krimdebut fra norsk presse miljø](#)

10:46 [Fenomenalt om mobbing og integritet](#)

21:04 [Sterke krefter på Fort Boyard](#)

[Les flere bokanmeldelser her!](#)

NOVELLER

Ein oppsiktsvekkende god debut.

La det vere sagt med ein gong: *Ikke rart det kommer kråker* er ein oppsiktsvekkende god debut – ei nydeleg novellesamling av ein mogen, sjangerbevisst forfatter. I den første av dei 11 novellene møter vi ein eldre mann på eit tog ein stad i Frankrike – på veg til sonens bryllaup. Han grublar, minnest, sovnar – og når han vaknar att, spring han ut på perrongen for å finne ut kvar han er. Brått går toget, og mens han ser vognene bli borte, går det opp for han at koffert og frakk med lommebok og mobiltelefon er på toget. På ein måte er alle hovudpersonane i denne novellesamlinga – psykisk – i slekt med denne anonyme mannen. I «Man kysser ikke kameraten sin» er det Rune som ikkje oppfører seg rasjonelt mot mor si, som er pleietrengande og alkoholisert. I den siste novella møter vi Ove, full av redsle for at noko frykteleg skal skje mens han og mora er på veg til hytta. Hovudpersonane er menn og kvinner, unge og gamle – men dei har det til felles at dei balanserer på kanten av det normale. Dei er redde, vi kjem tett innpå dei. Mange er meir eller mindre ute av stand til å fungere normalt – dei snublar seg gjennom livet.

For ein pensjonert norsklærer er det ei sterk oppleving å lese ei slik gjennomarbeidd, novellesamling, sjølv om ikkje alle er like gode. Språket er variert, til tider prosalyrisk, med ein sans for rytme eg knapt har opplevd hos nokon debutant – nokosinne. Norsklærer i vidaregåande skular – her er mykje snadder!

Publisert 02.09.10 10:52 Oppdatert 02.09.10 10:52



Utgiver: Fædrelandsvennen, Postboks 369, 4664 Kristiansand | Sjefredaktør: Eivind Ljøstad
([epost](#)) | Adm. direktør: Harald Jacobsen
Alt innhold er opphavsrettslig beskyttet.

[Mediehuset](#) | [Publiseringsregler](#) | [Kontakt oss](#) | [TIPS](#) | [Kundesenter](#) |
[Jobb i FVN](#) | [Medielab](#)